

Tor Halvorsen

EVALUERINGSDIKTATUR ELLER KUNNSKAPSDEMOKRATI?

Introduksjon

Samspelet mellom universitets- og høgskuledemokratiet karakterisert ved det akademiske sjølvstyre og akademisk fridom på den eine sida og det politiske demokratiet på den andre, er truga av nye former for styring av kunnskapspolitikken. Denne styringa har ei internasjonal forankring og er legitimert av kunnskapsøkonomien og den framveksande akademiske kapitalismen.¹ Den er fremma av eit globalt regime av kunnskapspolitkarar og ekspertar knytt til overnasjonale og globale aktørar som t.d. EU, Verdsbanken og OECD. Felles for desse er at dei søker å bygge ned det kollegiale sjølvstyret på universiteta og redusere innverknaden dei ulike nasjonale demokratia har på sine høgere utdannings- og forskingsinstitusjonar. Grunngevinga er at det høgere utdannings- og forskingssystemet ikkje klarer på ein effektiv måte å kome i møte (den globale) «kunnskapsøkonomien» sine krav til innovasjon (organisatorisk og teknologisk fornying). Universelle prinsipp for management skubbar til side lokale tradisjonar, fremma av det faglege fellesskapet. Virkemidlet er eit spekter av evalueringsinstrument med forankring i føretakslignande idear om korleis eit universitet skal styrast. Universitetsdemokratiet si rolle for å skape gode og sjølvreproduserande forskingsmiljø i ein open dialog med i prinsippet alle interesserte samfunnsaktørar, blir underminert i denne nye styringsmodellen. Men dermed blir og universitetet sin eigenart øydelagt.

Angrepet på universitetsdemokratiet og samspelet med det politiske demokratiet, kan vi samla karakterisere som *Evaluatis*.² Dette er ein *dystopi*, eit institusjonelt misfoster som har lagt seg over den akademiske væremåten og det akademiske dagleglivet. Søking etter robust og god kunnskap forankra i eit akademisk og sosialt fellesskap gjennom open debatt, blir erstatta med strategiar for tilpassing til *Evaluatis*.

Til dømes er *kvar* ein har publisert (som regel ein artikkel) no viktigare enn *kva* ein har publisert. Byråkratisk administrative kriterium erstattar faglege. Rykker ein opp på ei av dei internasjonale rankingane, er dette kjent over heile universitetet i løpet av minutt.³ Ingen nye innsikter, funn eller velskrivne bøker engasjerer like mye som debatten om *kva* konsekvensar *Evaluatis* kan ha.⁴

Tilbodet av *Evaluatis*-tenester har på denne måten skapt sin eigen etterspørsel. Evalueringsystem, ragerings- og publiseringsindeksar, akkrediteringsorgan, *bench-marking systems* etc. er ein global vekstbransje med

forankring i det nye globale kunnskapspolitiske regimes universalistiske organisasjonsteori.⁵ EU og OECD med sin etter kvart profesjonaliserte evalueringsekspertise, søker å styre og rasjonalisere det akademiske fellesskapet mot former for marknadslignende konkurranse. Og kontrollen over kva praksisar som fortener honnørorda *kvalitet, ekselens, spissing, konsentrasjon, innovasjonskraft, forskingsfront* knyter desse organisasjonane til dei politiske og økonomiske elitane si makt og verdsetting.⁶ Tilsynelatande er det *Evaluatis* betre enn forskarane og professorane, eller for den saks skuld folk flest, som veit kva kunnskap som trengs, kva som er god og dårleg kunnskap og kva former for organisering som kan gje effektiv utnytting av «kunnskapskapitalen».⁷

Det differensierte høgre utdannings- og forskingssystemet

I St. meld nr. 30 (2008-2009), *Klima for forskning* blir Evaluatisdystopien slått fast som styrande prinsipp for den forskingspolitiske eliten i Noreg slik denne konstituerer seg gjennom Forskingsrådet.⁸ Meldinga er prega av den Europeiske Unionen (EU) sin elitistiske kunnskapspolitikk.⁹ Gjennom kontrollen over forskingsprioriteringar og eit politisk og strategisk hegemoni søker EU å transformere det høgre utdannings- og forskingssystemet innan kvart enkelt land i tråd med det såkalla *differensieringsparadigme*.

Differensieringsparadigmet søker å endre eit mangfaldig akademisk nettverk med forankring i universitet og høgskolar av varierende storleik og kvalitet til eit system av *organisasjonar* med klare roller og hierarki.¹⁰ Gjennom tilpassing til *Evaluatis* kan organisasjonane fremme sine konkurranseføretrinn.¹¹ Den i samanlikning med t.d. USA relativt egalitære universitetstradisjon i Europa, skal brytast ned ved hjelp av ein konkurransepolitikk. Ikkje berre eliteuniversiteta i USA er forbilde innan denne *dystopien*. USA har skapt og styrt konkurransen mellom utdanningsinstitusjonane gjennom sine evalueringssystem og i nyare tid dei (som regel private) rangeringsorganisasjonar som har gjort slike rangeringar til ein lukrativt geskjeft.¹² Eit konkurransefremmande – og regulerande – styringsystem, dvs. eit europeisk *Evaluatis* inspirert av USA, er del av framtidvisjonen om europeiske leiande forskingsuniversitet som konkurrerer med dei amerikanske. I Noreg som i EU er det forskingsrådssystemet som skal drive fram denne differensieringa gjennom *resultatevaluering* som grunnlag for forskingsfinansiering.¹³

Evaluatis erstattar såleis demokrati (som framleis berre finst innan og i tilknytning til nasjonalstatar) med internasjonal konkurranse, byråkratisk regulering, ekspertråd og *general management*.¹⁴ Makta over kunnskapsformidling og kunnskapsfornyning flytter frå deltakarane i den akademiske arbeidsprosessen og til evalueringsorgan utanfor denne. Det er denne om-

fordelinga av makt som gjer det mogleg for politikarane å fremme ei ny form for elitisme gjennom styring utanfrå og ovanifrå.

Praksisane

Stadig fleire aktørar innan den høgre utdannings- og forskingssektoren blir fanga inn av «framtidvisjonen» til det globale kunnskapsregimet. Ei rekke kontroll-, evaluering-, rangering-, klassifisering-, sitering-, eller generelt, *kvantifiserande verdsettingsmekanismar*, blir innan *Evaluatis* til eit reguleringsssystem som a) skaper, fremmer og lønner konkurranse mellom organisasjonseiningar og b) utviklar kriterium for denne verdsettinga i tråd med den kunnskapsøkonomiske eliten sine interesser.

Evaluatis er som alle dystopiar som trugar demokratiet, omstridd når dei ulike praksisane skal etablerast.¹⁵ Men gjennomslaget ser ut til å vere overveldande. Universitetsleiinga sine strategiar blir stadig meir eksplisitt konstituert av *Evaluatis*, forskarar får si framtid bestemt av tellekantar, universitet kan risikerer å bli degradert til «profesjonsskular» (dvs. miste retten til forskning), berre i noen få tilfelle oppgradert til *europaisk elite-universitet*.¹⁶ *Evaluatis* styrer ressursane mot kunnskapsøkonomien sine sterke aktørar og blir styrt av desse aktørane sine kunnskapsverdiar, slik t.d. elitesatsinga i Tyskland viser. I Noreg blei *Kontaktkonferansen* (2009) mellom sektoren for høgre utdanning og departementet vigd spørsmålet om rangeringsindeksane og den makt som desse har på forminga av utdanningssektoren. Spørsmålet var ikkje om *Evaluatis* er noe ein skal motarbeide, men heller korleis tilpasse seg og forme dette ut, særleg i tråd med den Europeiske konkurranseprofilen. Sektoren sine aktørar er alt fanga inn og kan ikkje lenger tenke kunnskapspolitik utan å tenke evaluering, som også den siste Forskingsmeldinga syner.¹⁷ Rektorvalkampar både i Oslo og Bergen vart prega av kva *ranking* ein har og korleis leiarskap kan endre denne plasseringa, t.d. gjennom oppkjøp av kjende forskarar (såkalla aktiv rekrutteringspolitikk).¹⁸ Ein debatt om god kunnskap blir erstatta av ein debatt om måleinstrument og organisasjonsmakt, flytta frå forskarsamfunnet til *Evaluatis*, frå forskarstyrte debattar om god kunnskap til tilpassingsstrategiar til den eksterne styringsforma. Internasjonal konkurransen mellom enkeltaktørane dvs. dei ulike universitet - og høgskule organisasjonane, skal erstatte nasjonalstatlege identifikasjonar og system.¹⁹

EU og elitesatsinga i den globale konkurransen

I ein global kunnskapsøkonomi er eliteuniversiteta i følge retorikken til EU avgjerande for den økonomiske konkurransevna. Gode universitet blir og skapt gjennom ein tilsvarende konkurranse. *Evaluatis* må difor byggast for å fremme både relasjonar til kunnskapsøkonomien og ein konkurranse mellom kunnskapsinstitusjonar lik den som går føre seg i kunnskapsøkonomen

generelt. EU utviklar i tråd med dette sine egne rangeringar (delvis etter modell frå USA), alle land i EU må ha sine «NOKUT» med felleseuropeiske kvalitetskriterium, samstundes som ulike former for institusjons – og fagevalueringar i den halv og heilprivate marknaden for evaluerings- og rangeringstenester veks fram og får status som konkurransefremmande virkemiddel.²⁰ For EU er det eit mål at også alle akkrediteringsorganisasjonar blir privatisert og at utdannings- og forskingsinstitusjonane *kjøper* den akkreditering dei til ei kvar tid treng for å klare seg i konkurransen. *Evaluatis*, skal altså drive fram konkurransen mellom universiteta, fremme konsentrasjon av ressursar og av gode forskarar, slik at iallfall *noen* klarer å hevde seg mellom dei beste universiteta globalt.

For EU er det viktig at dette skjer uavhengig av nasjonal verdsetting. Konkurransen innan EU området skal overkomme nasjonalstateleg politikk og *likkskapsmakeri*. Ein rettferdig konkurranse, der dommaren er *Evaluatis*, skal legitimere at noen universitet (og sentra) blir prioritert, medan andre mister status og ressursar, eventuelt endrar karakter, t.d. til *spesialuniversitet*, *profesjonsuniversitet* etc. Vi får horisontal differensiering etter *profil* (jamfør veksten i dagens marknadsføringsbudsjett) og vertikal differensiering etter *rang*. Differensieringa som kan drivast fram ved å prioritere dei beste, skaper såleis både hierarki og funksjonell arbeidsdeling, og innan desse organisasjonane fremmer den igjen ulike former for differensiering, t.d. mellom såkalla *A forskarar* og *C forskarar*, mellom satsingsområde og spissing versus lavblussmiljø, mellom miljø som søker å trekke til seg dei beste, eller miljø som er blitt degradert av organisasjonens fall i hierarkiet og som difor (av tvang) eksporterer sine beste. *Ekselente* blir dei som klarer å bruke *organisasjonen* til å trekke til seg talent og organisere arbeidet i satsingsområde, dvs. konsentrere forskinga i sentra, bygge gode internasjonale nettverk (slik forskingsfinansierende organisasjonar definerer desse) og fokusere på utvalde tema (slik t.d. EU har prioritert), eller på andre måtar tilpasse seg rangerings- og evalueringsregimet sine førestillingar om *spissing*. I kampen om *good brains* og talent er *eliteuniversitetet* det viktigaste virkemiddelet.²¹ Vår tids store myte er at det er mangel på talent og at den globale konkurransen om talent er veksande. Denne myten legitimerer ei rekke av dei organisasjonsstrategiane som skal erstatte nysgjerrighetsdrivne akademiske nettverk.²² Også myten om mangel på leiarskap og leiartalent får konsekvensar for kunnskapssamfunnet. Den stadig meir avslørte førestellinga innan næringslivet om den uunnverlege leiar (med tilsvarende høg betaling og makt), er via utdanningssystemet sitt *Evaluatis* kopierte og gjort til eit spørsmål om konkurranse om dei beste hovuda (med sprenging av lønsskala og nedbryting av offentleg egalitet som ønska konsekvens).

Det er særleg kunnskapsøkonomien sine idear om innovasjon som set premissane for verdsetting av universiteta og jakta på talent. *Evaluatis* fremmer det såkalla entreprenøruniversitetet med lojalitet overfor den sterke

og handlekraftige leiinga på alle plan. For at konkurransen mellom universitet som framleis er del av nasjonale system skal bli ein Europeisk konkurranse, må difor nye overnasjonale institusjonelle identitetar byggast. Den manglande demokratiske orienteringa til EU får her en dobbel effekt. EU bygger opp ein elitisme innan sine eigne grenser, samstundes som denne elitismen fører til former for avdemokratisering av det «kunnskaps-samfunnet» som i dag utgjer medlemmene (på dette området; inkludert Noreg). *Marknad og konkurranse erstattar politisk demokrati*. Universitets-organisasjonen si konkurransevne er viktigare enn det akademiske fellesskap og dei nettverk akademikarane sjølve til ei kvar tid vel å inngå i. Med oppbygginga av *Evaluatis* blir det såleis bygd eit *byråkratisk, elitestyr*t alternativ til både det indre og det ytre demokratiet. Universiteta endrar seg frå å være styrt gjennom faglege fellesskap til å bli leiarstyrte organisasjonar, evaluert etter kvantitativ produksjonsevne (tal på publikasjonar på engelsk) og finansiert etter resultat som studentgjennomstrøyming, og omfang av prosjekt og oppdragsrekvirering. Universitetslova si oppheving av omgrepet «Det Akademiske Kollegium» for det øvste styringsorganet for universitetet, og innføringa av styreomgrepet (Universitetsstyre), speglar denne utviklinga.

Ein produksjons- og pengeøkonomi har såleis fortrengt kollegial *æres-økonomi* – den gjensidige kollegiale og faglige vurderinga av kva som er bra og viktig og kva som er mindre bra.²³ Den akademiske arbeidsprosessen som er halde oppe av gjensidig godkjenning av kva som er god kunnskap (æres den som æres bør), blir erstatta av eksterne ekspertar sine vurderingar. Stadig fleire blir trenna i OECD og EU sine leiariskular for universitets- og forskings-sektoren til å tolke kva elitane meiner er viktig kunnskap, korleis denne skal målast og evaluerast.²⁴ Rangeringsindeksane sitt gjennomslag er i seg sjølv ein manifestasjon av at spelereglane til den nye elitismen former medvitte til aktørane i det kunnskapspolitiske feltet. Dette preger og måten dei forskings-utførande organisasjonane, universiteta og høgskulane, no blir prøvd styrt på. All evaluerings- og kvantifiseringseksersis fokuserer på kvantifiserbar output i staden for den kreative prosessen. Dette favoriserer igjen profesjonalisering av leiarskapet og deira allianse med *Evaluatis*. Leiarsuksess blir målt etter evne til å vidareutvike eksterne styrings- og insentivordningar til alle nivå nedover i organisasjonen, ikkje etter evne til å fremme kreativitet og faglege debatt.

Demokrati og kunnskap

I eit demokrati som vil fremme ein demokratisk kunnskapspolitikk, kan ikkje fokus vere kunnskapens produkt slik desse står fram for utanverda ved hjelp av *Evaluatis* sine kvantifiserte måleresultat. Måleinstrument og indeksar utvikla av aktørar som sjølve ikkje er del av kunnskapsprosessen, men forankra i ideologien om generelt leiarskap og kontrollorganisasjonar utanfor

akademia, gjer akademikarar til funksjonærar for den forskingspolitisk eliten. Fagleg leiing vert omdanna til styringsteknikkar som fremmer tilpassing til desse målemetodane.²⁵ Slike leiarstrategiar inspirert av New Public Management (NPM) skaper ein mistillit mellom dei som blir leia og dei som leier. Akademisk kreativitet trugar kontrollen over dei måleinstrumenta som gir leiinga suksess.²⁶ Viktige historiske prosessar ser ut til å vere gløymde. Demokrati er ein føresetnad for akademisk arbeid i ein open, offentleg samanheng og for brei akademisk fridom. Demokratiet skaper dei beste vilkåra for den autonomi som akademisk arbeid treng. Relasjonen mellom akademia og demokrati fordrar at denne fridomen blir brukt til stadig å vidareutvikle demokratiet.²⁷ Det høgare utdannings- og forskingssystemet slik vi kjenner det i dag har vakse fram innan nasjonalstatar. Storparten av universiteta i dei ulike Europeiske landa er del av ein offentleg statleg sfære og har i ulik grad forma denne sfæren. Det er og innan denne sfæren (og ikkje gjennom økonomisk styrke, t.d. gåver frå donorar som i USA) at universiteta har utvikla sin autonomi og den akademiske fridomen. Over tid har denne fridomen kome først for universiteta som institusjonar, så etter kvart innan universiteta sjølve som ein borgarleg rett, til sist også som ein liberal rett til å forfølge eigen kreativitet sjølv om den underminerer ortodoksien innan faga, rådande paradigme innan forskinga, eller utfordrar politisk, økonomisk og moralsk makt i samfunnet. Det ytre demokratiet har styrka universiteta sin autonomi og dermed faglege fridom. Det indre demokratiet, kunnskapsdemokratiet, er blitt styrka av at det ytre demokratiet stiller krav, skapar forventningar og krev varierte former for deltaking i kunnskapsutviklinga i samfunnet.²⁸ Kunnskapsutvikling gjennom forskarstyrt forskning, undervising og formidling blir såleis stadig viktigare for demokratiet.

Kunnskapspolitikken til EU er ein trussel mot begge desse demokrati-formene og difor også mot samanhengen mellom dei. Nedbrytinga av det indre demokratiet er ein føresetnad for at organisasjonane får til nye tilpassingar innan det nye differensieringsregimet. Debatten om dette er i dag mest intens i Tyskland, der differensieringsparadigmet har ført til etableringa av eliteuniversitet, med referanse til USA som forbilde. Den demokratiske leiinga er kritisert for å vere endringsuvillig og utan kontakt med «samfunnet» slik dette som regel er definert av sterke økonomiske aktørar. Leiinga må gjerast ansvarleg «oppover og utover» og ikkje nedover mot den akademiske profesjonen og det akademiske kollegium. Kunnskapsutviklinga skal styrast av *etterspørselen* etter relevant kunnskap, ikkje av «blue sky research». Tillit til det akademiske fellesskapet blir erstatta av kontroll og marknadsmakt.

Eliteuniversitetet og det amerikanske evalueringssystemet som har regulert den konkurransen som har skapt dei høgt rangerte universiteta i USA, er det likevel ikkje mogleg å kopierer utan også å ta med seg systemet av utdanningsinstitusjonar, finansieringsformer og konkurransereglar. Det

paradoksale er at nettopp for å oppnå noe av den akademiske kreativiteten som vi finn i dei rike universiteta i USA, blir akademisk fridom og kreativitet ofra i store deler av det «Europeiske universitetet», kanskje særleg innan dei eliteinstitusjonane vi no ser konturane av. Den byråkratisk disiplinerte verkemåten til *Evaluatis* og framveksten av eit nytt leiarregime fremmer lojalitet til ei forskarleiing som er blitt stadig meir oligarkisk.

Det amerikanske forskingsuniversitetet som forbilde

Differensieringsparadigmet søker å fremme mange skilje innan nye og gamle rom (nasjonalstaten, EU, det globale) og innan det enkelte universitetet.²⁹ Det viktigaste er skiljet mellom eliteinstitusjonar og dei andre i eit overnasjonalt rom, det postnasjonale, der forskning og undervising meir og meir blir separate aktivitetar. Men det er og skilje mellom forskingsuniversitet og profesjonsuniversitet, og innetter i universitetet mellom ulike kategoriar av professorar, og mellom ulike fag, t.d. meir verdsetting av realfag og medisin på kostnad av humaniora og samfunnsfag. Differensieringa er som sagt både horisontal og vertikal. Så sjølv om ressursane til høgere utdanning og forskning må hevast kraftig om vi skal kunne samanlikne oss med USA i følgje EU kommisjonen, så er det avgjerande at denne ressursauken blir konsentrert innan færre og «betre» forskingsmiljø, og fordelt gjennom selekterande konkurranse mellom universitet, fag, ulike senter, og forskarar.³⁰

Det *første steget på ei slik utvikling* er innføringa av ein klar grenseoppgang mellom høgere utdanning som allmenndanning. Masseuniversitetet sine oppgåver på den eine sida må skiljast frå forskning og forskingsbasert undervisning på den andre. I USA er dette uttrykt som *undergraduate* og *graduate studies*. På europeisk er dette i det nye Bolognaspråket Bachelor på den eine sida som ei masseutdanning, og Master/PhD som forskingsbasert undervisning. *Graduate studies* kan også i Europa vekse fram av ein «naturleg seleksjon» gjennom konkurransen om forskingsmiddel og offentlege løyvingar. Berre miljø med høg kvalitet, vinnarane i konkurransen om forskingsmiddel, bør drive dr.gradsutdanningar. I så måte blir dr.gradsutdanninga eit virkemiddel for elitedanninga. Konsentrasjon av ressursane er eit kvalitetsstempel særleg når desse er knytt til PhD graden. På den andre sida må ein og oppretthalde høgere utdanning som masseutdanning. Det er nødvendig for kunnskapsøkonomen generelt, men denne treng da ikkje vere forskningsdriven.³¹

Som EU sine kunnskapspolitikarar stadig framhever med ærefrykt: Det amerikanske forskingsuniversitetet er i dag ein *global standard* utan sidestykke i historia. Sjølv universitetet i Berlin (1810), det såkalla Humboldtuniversitetet, hadde ikkje slikt gjennomslag. «*Det er like sterkt innan sitt område som Wall Street og City of London er innanfor deira: like dominant*

*som amerikanske programvare plattformer, som Microsoft innan IT; og mest like universelt som amerikansk film og fjernsyn».*³²

Det blir nærast tatt for gitt at Europa ikkje har noe val. Vi må kopiere ettersom det er USA som har klart å sameine masseutdanning med elite-seleksjon. Det er såleis berre eit spørsmål om når og korleis Europa inviterer den amerikanske varianten av Humboldt til Europa, dvs. den varianten som har overlevd i dei rike eliteuniversiteta.³³ Mange vil da også ønske dette universitetet velkomen i den akademiske kvaliteten og fridomens namn, utan å forstå at i Europa er det *Evaluatis*, og ikkje det akademiske kollegium som bestemmer kva som er *elite*.³⁴ Det som no blir søkt kopiert, er jo ikkje det akademiske idealet (som tar vare på mange av praksisane frå det tyske 1900tals universitetet), men derimot noen trekk ved den organisasjonsform og maktstruktur som pregar desse universiteta, transformert av den byråkratiske politikkkutforming og det elitistiske globale kunnskapsregime med OECD og EU i sentrum.

Forskingsuniversitetet i USA er blitt til i ein relativt statslaus kontekst, driven fram av konkurranse om studentar og etter kvart også av forskingsløyvingar, med store innslag av privat finansiering (og mange av de fremste i privat eige). Ei rekke reguleringsmekanismer har vakse fram, først frå 1920-åra, via former for måling av forskingskvalitet og produktivitet til dei rangeringslistene som i dag differensierer universiteta etter ulike kvalitetskriterium, men med berre noen få på topp. I tillegg kjem dei internasjonale rangeringar som bekreftar at forskingsuniversitet i USA er på toppen av kunnskapshierarkiet globalt.³⁵

Referansane til USA legitimerer såleis ikkje berre elitismen, men og måten eliteinstitusjonar er del av og fremmer eit differensiert system. Dette er eit utdannings- og forskningssystem som samla sett er langt dårlegare enn det nordiske, eller det europeiske, og mykje dyrare, men paradoksalt nok likevel meir verdsett av EU. Grunnen til det er at EU fokuserer på to dimensjonar tekne ut av heilskapen: Den historisk skapte konkurransen, med eliteuniversitetet som viktigaste produkt, og framveksten av eit *Evaluatis* som regulerer denne konkurransen.³⁶ Konkurransen – som innan høgre utdanning og forskning tar form av ein kamp om «det beste» slik brukarane av kunnskapen, dvs. etterspørselssida, vurderer det – er ein konkurranse om alt frå forskingsmiddel, om utbygging av forskingssentra eller avdelingar, om forskarar og professorar, om studentar og om andre medarbeidarar. Prisar og premiar av alle slag blir delt ut til «dei beste». Saman med rangeringar og evalueringar utløyser desse prisane (den symbolske verdsettinga) i neste omgang meir økonomisk kapital som stadig reproduserer konkurransefortrinna til eliteinstitusjonane. *I dag er det difor i praksis ikkje lenger konkurransen som er drivkrafta, men kontroll over den symbolverda som bekreftar utfallet av konkurransen (eit utfall som var gitt for ca. 100 år sidan).* Dette kjem klarast til uttrykk i stabiliteten til dei få eliteuniversiteta

som er rangert øvst. Denne stabiliteten og kontinuiteten indikerer at det er vanskeleg for andre å kome seg opp om ein ikkje klarar å skaffe seg store donormidlar. Symbolkapitalen generer økonomisk dominans og hegemoni, og difor og monopol på private midlar. Statusen til den økonomiske kapital aukar gjennom denne koplinga til den kulturelle kapitalen og vise versa. «Marknaden» er såleis pervertert, likevel er det denne «marknaden» Europa vil kopierer. I realiteten blir det i Europa skapt eit byråkrati som allierer seg med og brukar *Evaluatis* til å forme ein *kvassimarknad*, eller med den neoliberale retorikk: Ein sterk stat som alltid sørgjer for at marknaden er den mest effektive forma for organisering. Det er ein byråkratisk styrt seleksjon som, om vi opprettheld samanlikninga, til og med trugar den typen akademisk fridom som eliteuniversiteta i USA trass alt framleis har. (Til tross for «den akademiske kapitalismens» dominans kan vi framleis i USA snakke om ein *akademisk konkurranse*, nærast som ein *svart æresøkonomi* mellom forskarane/professorane.³⁷ Akademikarane har såleis framleis innverknad på kva som blir forstått som god og viktig kunnskap, difor er det og mange akademikarar i Noreg som verdset eliteuniversiteta i USA).

EU

Kunnskapspolitikken til EU er i stadig utvikling. Det gjeld både EU sine forsøk på å forme dei enkelte nasjonalstatane sin politikk, og det gjeld oppbygginga av EU-finanserte og regulerte organisasjonar. Det er i dag vanleg å framheve både European Research Area (ERA) og European Higher Education Area (EHEA). Til det siste representerer Bologna prosessen eit viktig bidrag. Begge deler blir sett å på som avgjerande fellesaktivitetar for å forme den Europeiske identiteten. Etter 2000 og den såkalla Lisboastrategien, er kunnskapspolitikken satt i sentrum for både den økonomiske og den sosiale utviklinga til EU, men med relativt einsidig vekt på det første. Argumentet er at sektoren høgare utdanning og forskning gjer for lite for å utvikle Europa. Ein krisedefinisjon legitimerer EUs overordna politiske rolle. Løysinga ligg i transformasjonen av Europa til ein felles konkurransearena som kan drive fram det beste, men og skape nettverk og samarbeid mellom dei beste; mellom sentra for framifrå forskning, mellom dei høgst rangerte universiteta, dei beste forskarane, og rekruttere dei beste talenta, same kvar dei måtte vere på kloden.³⁸

Men det mest grunnleggjande, for å fremme eit meir differensiert system, er utviklinga av eit nytt skilje mellom masseutdanning og eliteutdanning, ettersom det er dette skiljet som kan skape grunnlag for den nødvendige elitesleksjonen. Eit eksemplarisk bidrag til ei slik politikktvikling kjem frå tenketanken Bruegel.³⁹ Ei gruppe økonomar prega av neoschumpeteriansk vekstteori (som Lisboa-strategien, til tross for neoliberal retorikk etterspør) søker i nært samspel med Kommisjonen å grunnge ein heilskapleg kunn-

skapspolitikk for EU, basert på forbilde USA. Eitt av deira siste og viktigaste bidrag til denne politikktutviklinga vart i løpet av våren 2008 presentert for finansministrane i EU og på diverse seminar og konferansar før det blei trykt i «den blå serien» til tenketanken.⁴⁰ Grunngevinga for reform av det Europeiske forskings- og utdanningssystemet (som altså i hovudsak (framleis) er nasjonal – eller føderal statlege system) er den skuffande lave økonomiske veksten dei siste 30 åra. Og, blir det argumentert: «...det er no prov for at denne situasjonen er nært knytt til stoda for innovasjon og høgre utdanning i Europa».⁴¹

Grunntesen er at det er eit skilje mellom økonomiar prega av imitasjon og økonomiar prega av innovasjonar (frontier innovations). Europa er prega av det første. Masseutdanning er nødvendig for imitasjon, og her er Europa kome langt. Men institusjonane som skal fremme *frontlineinnovation* er underutvikla eller fråverande. Som t.d. Shanghai-indeksen viser (som meir enn andre indekstar har innovasjonsindikatorar), er dette institusjonar som USA har i langt større grad enn Europa.⁴² Den sterke posisjonen til forskingsuniversitetet og måten det er organisert og finansiert på skaper ein forskingskompetanse som også fremmer innovasjonar. Forfattarane hevdar at eit klarare skilje mellom det ein i USA kallar *undergraduate* og *graduate* utdanning må til om ein skal nærme seg det amerikanske forskingsuniversitetet. Undergraduate bør forståast som del av den «allmenne *sosialiseringa* av befolkninga» og inntaket bør aukast. Utdanninga bør ha generell karakter⁴³ Utdanning på dette nivået bør kunne vere del av den allmenne retten til tilgang til høgre utdanning, gjerne, som i Norden, offentleg finansiert (men meir typisk med grader av studentbetaling). Graduate studies, derimot, må vere basert på langt meir seleksjon, spissing, mobilitet, konkurranse om plassar og primært bygd på *varierte former for eigenbetaling*.

Dette større skilje mellom lågare og høgre nivå blir nøkkelen til den balansen mellom masse- og eliteutdanning som USA har fått til, men som Europa ikkje klarer å organisere. Framleis er det i Europa samanblanding av idear frå eliteuniversitetet med masseutdanningas tvingande nødvendige t.d. førestellingar om forskingsbasert undervising på eit nivå som er sosialiseringsutdanning og difor ikkje kan vere ein invitasjon til sjølvstendig refleksjon, men heller til den form for innlæring i academia som den amerikanske college tradisjonen står for. Den slags sjølvstende høyrer Graduate Studies til, men altså berre viss den klarer å endre seg frå å ha massepreg til å bli eit system for siling og seleksjon. Det enkelte universitet må få retten til å velje ut *sine* kandidatar ettersom ein må forvente *fierce competition*. Retten til å velje sine egne studentar er føresetnaden for større mobilitet innan EU, som igjen gjer at dei enkelte universiteta kan spesialisere seg i konkurransen (med andre ord ingen sentraliserte samordna studentopptak som i Noreg). Den Europeiske «likksapsideologi» (som og pregar

graduate-nivået) former forskingsuniversitetet i masseutdanningas bilde. Måten masseutdanninga på høgre nivå til no er handtert, ser for Breugel ut til å vere ein trussel mot framveksten av den kunnskapen som kan gi grunnlag for innovasjon og økonomisk vekst.⁴⁴

Europa er prega av store variasjonar. Norden t.d. kjem godt ut om ein utvidar målinga frå dei 200 til dei 500 «beste» universiteta. Land i sør og aust kjem dårleg ut uansett kva mål ein nyttar. Samanlikna med USA er det generelle bildet likevel, i følgje tenketanken (og som EU stadig hevdar) at finansieringa av universiteta er for dårleg, at forholdstalet mellom student og lærar ofte er for høgt, og viktigast, at manglande støtte til dei beste hindrar god forskning frå å utvikle seg.⁴⁵ Meir pengar, der den private sektor både må og skal mobiliserast sterkare, må gå saman med ei ny form for spissing innan Graduate Schools. Gjennom kontrollen med PhD utdanninga og store forskingsprogram skal desse drive spissforskninga framover. Men det kan ikkje vere for mange av desse. Ofte må dei bli til i eit samarbeid mellom fleire institusjonar (ei form for kartellisering i marknaden). Men prioriteringar av Graduate Schools, særleg når desse fordrar tverrinstitusjonelt samarbeid, føreset at desse blir til i og blir lønna gjennom ein konkurranse om dei beste studentane, beste professorane og beste forskingsprogramma. Det er særleg viktig at EU bidrar til denne konkurransen ved stadig å utvide sine alleuropeiske forskings- og finansieringsordningar og ved å lette alle former for mobilitet på tvers av det «gammaleuropeiske» grensevesenet.

Men dette betyr også, ulikt det som er den økonomiske situasjonen for mange av dei mest omtala eliteuniversiteta i USA med sine fonds, *at grunnløyvingane til forskning skal vere små ved eigen institusjon*. Det er dei ulike eksterne forskingsfinansierande byråkratia (der det offentlege i stadig stigande grad subsidierer det private) som skal forvalte pengane og konkurransekriteria. Universitetas rolle i forminga av kunnskapspolitikken vert såleis relativt svak innan det nettverket av aktørar som bestemmer kva tema og program dei forskingsfinansierande organa skal prioritere. Kopieringa av USA på eit avgjerande punkt svekker den tradisjonelle akademiske innverknaden på forskinga sitt innhald ettersom universiteta blir stadig meir avhengig av ekstern finansiering.

Universiteta, i følgje tenketanken, må på den andre sida få større autonomi til å forme ut konkurransestrategien om studentar og forskingsmiddel, eller som Breugel uttrykker det i eit seinare notat: «Resultata våre [etter ei samanlikning med USA] støttar difor ein politikk som fremmer ein tiltakspakke med store løyvingar, store autonomi og sterkare konkurranse mellom europeiske universitet».⁴⁶

Målretta bruk av ressursar i konkurransen om studentar og forskingsmiddel på graduate nivået saman med «merit based» konkurranse om forskingsmiddel krev leiarautonomi (og leiarkompetanse) lokalt. Autonomien er altså ein føresetnad for å skaffe seg pengar til forskning, autonomien er

ikkje – som i tradisjonen med akademisk fridom – skapt av større løyvingar til forskning innan universitetet som eit akademisk fellesskap. Den konkurransen som vil oppstå internt ved eit kvart universitet mellom kunnskapsmiljø i ein slik situasjon, blir av tenketanken framheva som ei positiv muligheit for spissing og dermed differensiering. Berre noen få kan bli gode på alt, dei fleste må søke å bli gode på noe, og mange vil måtte gi tapt i sine forsøk på å utvikle «graduate schools». Resultatet blir truleg, som vi skal drøfte nedanfor, eit differensiert system innan eit etter kvart størkna organisasjonshierarki der kreativitet og initiativ nedanfrå ikkje blir verdsett.

Modellen Tyskland

Diskusjonen om forskingsuniversitetet og «ekselsens» er i Europa prega av debatten om og erfaringane med reformer i Tyskland.⁴⁷ Tyskland står fram som eit eksperiment der EU-politikken blir satt på prøve. Det såkalla ekselsensinitiativet har ført til val av ei rekke universitet (ca. 9) som såkalla «Elite-Unis», men har og gitt ei rekke andre universitet støtte til å utvikle ekselsensprosjekt og Graduate Schools i tråd med Bruegelretorikken. Alt dette etter nøye evaluering av dei enkelte søkarane sin produksjon slik også Forskingsmeldinga vår (2008-2009) no legg opp til. Det er såleis samla sett berre ein liten del av dei 102 universiteta i Tyskland som har nådd fram i søkeprosessen.⁴⁸

Tiltaket er (igjen) grunngeve med referansar til USA og den dominansen desse universiteta har. Tyskland treng universitet som kan «stråle» også internasjonalt (jamfør fyrårnmetaforen) i ein situasjon der konkurransen om kunnskap hardnar til.⁴⁹ Den dominerande rolla til USA i denne kunnskapskampen legitimerer den nasjonale intervensjonen i det elles føderalt oppdelte tyske høgre utdanningssystemet. Virkemiddelet er meir pengar til forskingsrådssystemet som så blir fordelt som *driftsmidlar* til universitet etter søknad. Kriteria for utveljing er kunnskapspolitisk bestemt: internasjonal spissforskning, konsentrasjon i store forskingsmiljø, og i tråd med den tunge forskingsrådsstyrte strukturen i Tyskland, sterk vekting av tidlegare store løyvingar frå forskingsrådet (suksessfaktor). Dei som slo igjennom ut frå desse kriteria kunne heve seg opp i den akademiske eliten. Dei tre kriteria som er nemnt her; det diskursive (internasjonal *peer review*), det funksjonelle (storleik og konsentrasjon) og *path dependency* (tidlegare suksess) gir samla ei utveljing av den naturlege eliten. Andre som ikkje framviser det same naturlege talent, vil over tid bli degradert.

Men ønske om å bygge eit system som konkurrerer med USA i Europa fører til at byråkratiske, og ikkje faglege kriterium blir enno meir styrande for kunnskapsorganiseringa. Denne politiske konstruksjonen av eit elitesystem vil forsterke uheldige tendensar innan det tyske forskningssystemet som alt har ført mye av makta over kunnskapsutviklinga ut av academia.⁵⁰ Monopolet på

forskningsmiddel innan eit byråkratisk dominert forskingsrådssystem blir gjenskaft og forsterka. Driftsmiddelløyvingar er eit symbol på kvalitet hos dei som alt har fått og blir (difor) eit kriterium for ny tildeling av midlar. I ei tid med fallande offentlege løyvingar er dette eit sterkt maktmiddel. *Driftsmiddel frå forskingssystemet blir viktigare enn grunnløyvingane frå staten.* Dette gir enno sterkare makt til oligarkane innan universitetet som over tid har etablert ein suksessrik prosjektrekviringsbutikk (eller på tysk: driftsmiddelbutikk). Dei blir lett allierte i arbeidet med å bygge opp ein kvasimarknad og ein konkurranse dei kontrollerer reglane for. Oligarkanes posisjon fører til former for kartelldanning, det som innan det globale kunnskapsregimet heiter *nettverk* mellom dei beste. Forskningsrådet ser også nettverksdanning som konkurransetilpassing. Såleis er nettverk no det fremste honnørordet.

Men det samla resultatet av det tyske ekselensinitiativet vil ikkje bli at ein får ein akademisk konkurranse, sjølv ikkje i den perverte amerikanske utgåva, men ei oppsamling av pengar hos dei som alt har for mye frå før, og som for å klare å bruke desse, stadig må tilsette nye assistentar i usikre og lite utviklande stillingar. Desse leverer ein forskingsrapport, som òg kan vere eit utkast til ein PhD. Men PhD-graden fører ikkje inn i ei akademisk karriere. Den fører heller til stadig nye stillingar som prosjekttilett for oligarkar som treng å bruke pengar, men ikkje kan fordele den akademiske kontrollen til likeverdige ettersom desse ut frå rangering (som er knytt til pengar og ikkje kunnskap) ikkje finst. Professorane blir arbeidsleiarar (oligarkar), støtta av eit forskingssystem som, bunde av sine egne økonomiske suksesskriterium, berre kan selektere dei som alt er selektert (path dependency).

Det tyske eksperiment tar vare på ideane frå EU. Diagnosen av problema tilseier også her meir pengar til dei beste, spissing og konsentrasjon, og konkurranse og utveljing på bakgrunn av *Evaluatis*. Problemet er at i Tyskland som i Norge, som i EU generelt er desse løysingane basert på feil diagnose. Difor fører tiltaka til ein praksis som underminerer reel akademisk konkurranse basert på kreativitet, mangfald og ein open diskurs om kva som er god forskning, og vidare stryking av relasjonar mellom det indre og det ytre demokratiet. Det er ikkje pengar som er mangelen. Dei forskingskvalifiserte professorane klarer ikkje å bruke desse kreativt, men må stadig tilsette assistentar for å få arbeidet gjort (dvs pengane brukt opp). Og konsentrasjonen av forskinga skjer ikkje ut frå kvalifisert konkurranse, men gjennom gjensidige beundringsnettverk knytt i særleg grad til forskingsråda sin tendens til å halde fram med å lønne sine egne suksessar («driftsmiddelsyndromet»). Ettersom målet på suksess er evne til å samle pengar i store prosjekt, er evalueringar av kreativitet og nyskaping fråverande. Når fagleg kreativitet ikkje blir vurdert, er det fagleg ortodoksi (også omtalt som «peer review-kameraderiet») som rår.⁵¹ Heile denne intervensjonen fører difor ikkje til større innhaldsmessig likskap med forskingsuniversitetet i USA, men

heller til ein elitisme prega av fagleg forfall innan organisasjonar som i det ytre, ved hjelp av politisk styring og intervensjon i sektoren, *liknar* på elite-universiteta i USA.

Medan universiteta i USA er eliteuniversitet med ressursar som gir rom for fagleg autonomi gjennom donorsystemet, og til ein viss grad har nådd denne statusen gjennom ein konkurranse mellom professorar (jamfør rekrutteringsmekanismane til dei beste universiteta i USA), er elitesatsinga i Tyskland prega av og i tråd med EU sin politikk. Denne søker å fremme makta til *forskringsrådssystemet* og deira rolle som motor i elitesatsinga. Det er evne til å skaffe driftsmiddel frå desse forskingsfinansierande råda innan EU og i samordning med nasjonalt nivå som gir status. Det er og denne finansieringsordninga som skal generere meir private pengar og såleis legitimere nedbygginga av offentlege løyvingar.

Kort oppsummert: Medan det i den offentleg retorikken, særleg innan EU blir argumentert for at Tyskland tar konkurransen frå USA alvorleg, og tilpasser amerikanske erfaringar til Europeiske forhold, hevdar eliteforskaren Michael Hartmann at det som finn stad er ein politisk konstruksjon av eit elitesjikt.⁵² Den sosiale konstruksjonen av ekseles fremmer det såkalla differensieringsparadigme. Også forholdet mellom faga endrar karakter – blir meir differensiert – ifølgje Hartmann. Samfunns- og humanistiske fag blir utmanøvrert. *Evaluatis* knyter deler av systemet til elitar i samfunnet innan politikk og økonomi, medan andre deler av systemet blir tvunge til å fungerer for andre deler av samfunnet og framstå som masseutdanning, profesjonsutdanning, etc. Paradokset er at den kreativiteten i kunnskapsutviklinga som er nødvendig for innovasjon, får lite plass i ekselesinitiativet. Innan *Evaluatis* er det ingen indikatorar for kreativitet trass i at kunnskapens rolle for innovasjon og vekst i økonomien er offisielt framheva som den kritiske faktoren for EUs utvikling i dei komande åra.

Mistillitens dynamikk

Eliteinstitusjonar er av EU sett på som eit vilkår for å trekke til seg dei beste hovuda frå ulike deler av verda, og som ein føresetnad for innovasjon i ein stagnerande samfunnsstruktur. Men om EU-strategien skal lukkast, t.d. i Noreg, er det avgjerande korleis ein organiserer og bruker *Evaluatis*. *Om denne makta skal virke, må den statlege grunnløyvinga ned*. Konkurransen om forskingsmiddel frå brukarane (aktørane innan kunnskapsøkonomien) kan ikkje styrkast om ein opprettheld den offentlege breiddefordelinga. Denne fordelinga motarbeider målet om eit meir differensierte systemet, skapt av konkurransen. Men Europa, og i særleg grad dei nordiske landa, lir ikkje berre av for store offentlege grunnløyvingar (som altså må erstattast av pengar frå næringslivet og betalingsstudentar), men av ein *homogenitets-mentalitet*. Difor har særleg Norden vore for resistente mot den spissing som

er nødvendig for å bygge konkurransedyktige eliteinstitusjonar. Først og fremst nærkontakt med næringslivet vil endre dette: «Universiteta treng stabilt og varig partnerskap med næringslivet for å overvinne desse problema».⁵³

Evaluatis inneber som sagt ei samordning av kreftene *utanfor* det akademiske fellesskapet, for å overvinne denne likskaps- og homogenitetsmentaliteten. Eit system for regulering av konkurransen fører fokus vekk frå *den enkelte akademikaren* (som driv forskning og kunnskapsutvikling) og over mot *organisasjon* (og dermed universitetsleiinga og leiarskap) og mot interaksjonen med det eksterne byråkrati og eksterne aktørar som reproduserer *Evaluatis*. Medan den akademiske kvaliteten før *Evaluatis* var sikra gjennom tilsetningstilhøvet, dvs. ei vurdering av søkerane til professorstillingar, skaper *Evaluatis* ei orientering mot organisasjonane sine output. Påstanden er at den tillit som vart gitt til ein person gjennom tilsetningstilhøvet trugar (som særleg EU framhever) innovasjonsevna. Tillit til den enkelte forskaren bør erstattast av organisasjonsutvikling knytt til kontinuerlege former for overprøving ved hjelp av kvantitative, marknadsliknande instrument. Vitskapsfolka får ei funksjonærrolle, underlagt det byråkratiske leiarsjiktet innan forskingspolitikken og universitetsorganisasjonen. Innan denne *dystopien* ville Immanuel Kant, som fekk sitt filosofiske gjennomslag 53 år gamal, hatt problem med å nå fram til anerkjenning, og heller ikkje Einstein sine arbeid ville ha overlevd.⁵⁴ Max Weber ville ikkje skåra høgt på teljekantrangeringane og ville stort sett blitt refusert av fagtidsskrift. Den kanskje fremste kulturforskaren i Noreg for tida, Anders Johnsen, får langt meir belønning for småartiklar i ymse tidsskrift enn bøker modellert etter det gamle tyske forskingsuniversitetet sine ideal.⁵⁵

Medan altså ein professor var og er tilsett etter nøye vurdering (om enn ikkje utan intrigar) ut frå kva ho kan bidra med i løpet av eit akademisk liv, er det nå *prosjektet* og forskingssenteret og difor *forskningsleiaren* si evne til å levere resultat som det knyter seg klare målbare forventningar til. Når denne byråkratiske produksjonsmodellen styrer rekrutteringa skjer nyttilsettingar etter prosjektfunksjonelle kriterium og forskingsoligarken sine behov for å tilfredstille lovnader gitt til Forskningsrådet. Tilliten til den kreative evna som må vise seg over tid (som det ikkje *kan* utviklast indikatorar for), og tilliten til at eit kollegium i fellesskap gir rom for den kreative personar, er difor i veksande grad erstatta av korttidskontraktar og (i tilfelle med faste stillingar) av personar vurdert etter *Evaluatis* mål. Generelt er tillit erstatta av mistillit til den enkelte forskar gjennom kontinuerlig overprøving og resultatvurdering. *Mistillit er maktgrunnlaget til Evaluatis*. Rolla til *Evaluatis* må, i følge European Commission vere å styrke administrativ kontroll av marknaden framfor å inspirere til *akademisk* kappestrid slik denne er styrt av forskarfellesskapet sjølv.⁵⁶ Som i USA veks det no fram ein studentmarknad (betalingsstudenten) som *etterspør rangeringar av universitet*. Dei vil ha

organisasjonskunnskap og *value for money*. Dei krev (eller må lærast opp til å krevje) å få vite kva hierarkisk eller vertikal klassifisering av strukturen som fins. Value for money krev ei klassifisering som sjølv former seg etter klassestrukturen i samfunnet. Studentane vil sikre at samspelet mellom symbolsk, kulturell og økonomisk kapital fremmer deira «human kapital» i tråd med den posisjon dei betaler utdanninga frå. Også tidsskrifthierarkiet (med sine nettverk og redaksjonar) som skulle sikre ein *akademisk konkurranse*, reproduserer i dag heller konkurransen mellom ulike elite-universitet og deira nettverk og oligarki. Og mellom akademikarar florerer *siteringskameraderiet*. *Evaluatis* nyttar siteringsindeksar som eit funksjonelt svar på kvar dei viktigaste fagmiljøa, den såkalla forskingsfronten, til ei kvar tid er. Kvantifiseringar, ikkje kunnskap om fagleg innhald, styrer den offentlege debatten om gode miljø. Ettersom kvalitetssikringsorgana blir stadig meir privatisert og følgeleg skal gjere business av kvalitetssikringa, blir dei òg meir avhengig av «kostnadseffektive» måleinstrument som gir størst muleg avkastning med minst mulig innsats av arbeid.

Generelt er *Evaluatis* knytt til *audit explosion*, *audit society*, *age of inspection*, *evaluative state* etc.⁵⁷ Men denne *fokuseringa på «output» gjer at det billigare og mindre byråkratiske alternativet som tillit til den akademiske profesjon og bruken av det indre demokratiet, blir umogleg*. EU ser bort frå kostnadene med å bygge opp og drive igjennom *Evaluatis*. *Evaluatis* fører òg til meir byråkrati på det enkelte universitet.⁵⁸ Ettersom *Evaluatis* representerer ei einsidig verdsetting av det som kan målast (kvantifiserast), blir kreativitet og originalitet skadelidande. Eller rettare: Kreativiteten blir transformert til eit organisasjonsspel. Strategisk manipulasjon av kjenne-teikna på suksess blir *the game of the town*. Tendensen til at det blir publisert mye *standardkunnskap* basert på dårlege eller trivielle data, er alt sterkt veksande.⁵⁹

Både kreativitet og originalitet føreset akademisk fridom. Men dette er ein fridom som forskarar i stadig større grad ser ut til å gi avkall på for å leve opp til *Evaluatis* sine produksjonskrav. *Evaluatis* er i stand til å måle penge-straumar, men ikkje vurdere god forskning. Ettersom forskingsråda si makt over universiteta, som må styrkast om ein skal få til spissing og elitedanning, ligg i forskingsråda si evne til å framheve sin innflytelse gjennom løyvingane, fell *Evaluatis* og dei forskingsløyvande organa sine interesser saman.⁶⁰

Det paradoksale ved logikken til *Evaluatis* ligg altså i forsøka på å *kvantifisere* også alle dei aktivitetane innan universiteta som ikkje lar seg måle på den måten, for eksempel det populærvitskaplege arbeidet, deltaking i det offentlige rom, rådgjeving og formidling av vitskaplege innsikter, administrasjon og pensumutvikling, og ikkje minst god kunnskapsbasert undervisning med forankring i eiga fri forskning. Fordi *Evaluatis* rett og slett ikkje har dekkande begrep for dette, blir slikt arbeid neglisjert, ettersom det ikkje lar seg måle mot publiseringsmengde, nettverksdeltaking i internasjonale

høgt rangerte nettverk etc. Slik ser vi òg at samarbeid mellom kollegaer, som no må tilpasse seg *Evaluatis*, blir styrt av andre verdiar enn dei som er knytt til den akademiske fridomen. Såleis mister det indre demokratiet den kollegiale basisen for fagleg dialog. Dette fører og til at *Evaluatis* underminerer motivasjonen i det akademiske arbeidet. *Evaluatis* tar, via fokuseringa på universitetet som leiarstyrt organisasjon og ikkje kollegium, form av kontroll, og då ein einssidig kontroll av noen aktivitetar på kostnad av dei andre viktige aktivitetane nemnt ovanfor. Kontrollen blir meir individualisert. Den er retta mot den enkelte sitt bidrag uavhengig av konteksten dette skjer innanfor.

Det er heller aldri klart for den enkelte forskaren når og korleis *Evaluatis* er i aktivitet eller blir brukt som styringsinstrument. Er formålet å rasjonalisere vekk dei dårlegast rangerte, eller kan det være å avdekke forhold som kan virke hemmande for den enkeltes akademikar og såleis føre til ein støtte for den enkelte forskaren? Denne usikkerheita vil alltid vere til stades, men særleg i eit universitetssystem der det indre demokratiet er bygd ned og erstatta med tilsette leiarar og *management*, og særleg om det ytre demokratiet også har forfalle slik at berre sterke særinteresser er representert i styreorgan (jamfør universitetsstyra i Noreg) eller i forminga av forskingsråda sine strategiar og prioriteringar. Denne usikkerheita fører til at *indre* motivasjon til innsats – som er ein føresetnad for kreativitet – blir erstatta av tilpassing til *ytre* krav. Berre når ein handlar i tråd med leiarinsentiva, kan ein vere sikker på at ein blir positivt verdsett, dvs. fremmer organisasjonen sin identitet og interesse. Igjen ser vi eksempel på at *Evaluatis* underminerer akademisk fridom og demokrati. *Evaluatis* underkjenner det indre demokratiet si viktigaste oppgåve: Å fremme og ta vare på også dei som i ein akademisk løpebane forfølgjer originale og risikofylte prosjekt som ikkje lar seg dokumentere eller slutføre på måtar som *Evaluatis* klarer å fange opp.

Dette er i tråd med allment kjende organisasjonsteoretiske innsikter som EU og kunnskapspolitikarane ut frå den elitistiske ideologien vel å neglisjere. Leiarstyrte organisasjonar som legg vekt på målbare og kvantifiserbare evalueringar, vil få tilsette som blir ekspertar på både å tilpasse seg, men også på å manipulere måleinstrumenta. Medan ein forskar før var oppteken av å få ros og ære for sine funn eller idear, er det nå kva tidsskrift ein har publisert i som er avgjerande, og som Anders Johansen framhever, kor ofte ein kan resirkulere eit akademisk arbeid i ulike avlønningssamanhengar. All akademisk autoritet er såleis overlate til peer review i noen få preselekterte tidsskrift, som om kvaliteten til kunnskapen også kan målast etter slike kriterium. Særleg for samfunnsvitarar representerer dette ei *sosialisering inn i den positivistiske kunnskapsforståinga*. Kunnskapen sitt mangfald, at den er forma av kontekst og av miljø, av akademisk debatt, samfunnsorientering og forskaren si kontaktflate med samfunnet, alt det som ein demokratisk organisasjon kan og skal fremme medvit om og systematisk aktivitet omkring, blir underkommunisert innan det nye evalueringsregimet.

Kort oppsummert: *Evaluatis* erstattar tillit med mistillit, bygger opp kostbare kontrollbyråkrati, underminerer den enkelte sin forskingsmotivasjon, fremmer strukturar som etterspør leiarar og deira insentiv og slik underminerer både det ytre og det indre demokratiet. *Evaluatis* rettferdiggjjer bygginga av eliteinstitusjonar der leiinga saman med andre elitar innan EU kan utnytte kunnskapsressursane effektiv og målretta. *Evaluatis* må difor byggast opp gjennom ei profesjonalisering med eit felles verdigrunnlag, den nye «universitets- managerialismen». Evaluatørane si profesjonalisering gjennom byråkratiseringa blir viktigare enn professorane sin kollegiale yrkesidentitet. Og byråkratane sin kompetanse blir meir verdsett, slik at dei kan oppretthalde den nødvendige distanse til dei som blir evaluert. Det er etter kvart *Evaluatis* sitt kunnskapssyn som dominerer, med den konsekvens at kynismen spreier seg mellom forskarane. Kreativ «rent seeking» tel meir enn kreativ forskning, det er betre med tellekant enn å vere på kant med leiinga.

EUs elitistiske kunnskapsstrategi

Innan det Europeiske *Evaluatis* står akademisk og politisk demokrati mot marknad, og tillit og professoral profesjonell autonomi står mot organisasjon og såkalla profesjonalisert management.⁶¹ Eit avdemokratiserande og antidemokratisk kunnskapssyn har vakse fram. Den kunnskapsforståinga som gjer at *Evaluatis* kan byggje seg så fort opp og bli et instrument for eliteorganiseringa, har konsekvensar både for korleis vi forstår verdien av forskning, av undervisning og av relasjonen mellom desse. Førestellinga om forskinga si organisering som eit eliteprosjekt er prega av sterke objektivistiske førestellingar om kunnskap. Forskingsprosessen er «nøytral» og forskingsresultat kan nyttast til ulike formål. Brukarstyring og «bestillingar» utanfrå trugar ikkje forskinga sin autonomi. I dette naive perspektivet er forskinga sin fridom meir eit spørsmål om tid og pengar enn om val av tema, vinkling av problemstillingar og grunnleggande samfunnsforståing.

Studentane er ikkje då ein del av dialogen om kva som er viktig kunnskap eller viktige tema. Studentane er ikkje ein del av forskingsprosessen, men ein massebasis for seleksjon til forskning (med PhD som siste hinder, men og første større *prosjektbidrag i form av ein rapport*).⁶² Det er konkurranse om talent til pågåande og objektivt selektert forskning som veks ut av eller gir seg av forskingsfronten. Dei blir selektert etter potensiell evne til å bli ekspert, ikkje fordi dei har vist evne til originale teoretiske nyorienteringar. I objektivitetens namn produserer såleis universitetet heller ekspertar enn intellektuelle. Dette svekker demokratiet (og styrker elitismen) fordi kunnskapen si viktigaste rolle for demokratiet, *oppøving av dømmekraft*, blir neglisjert. Den akademiske fridomen si demokratiske grunngeving er at dømmekrafta ikkje er objektivt gitt, men sjølv eit produkt av at dømmekrafta til den enkelte forskaren blir satt på prøve av forskarkollektivet. Til tross for idealet om å

framstille sanninga, er kunnskap alltid først subjektivt forma, og må difor intersubjektivt verifiserast. I staden for kunnskapsøkonomen si instrumentelle kunnskapsforståing er det vitkaps- og kunnskapssamfunnets *refleksive karakter* som vi må sette i fokus. Dette fordrar den gjensidige utviklinga av det indre og det ytre demokratiet, ikkje deira nedbygging. Det intersubjektive kunnskapssynet utfordrar *Evaluatis* ettersom det *må* vere pluralistisk. Kanskje finst det fleire forskingsfrontar samstundes?

Oppøving av dømmekraft kan og skal også virke som ei kritisk motkraft mot kunnskapen sin *klassekarakter*. Innan elitane sitt partnarskap blir kunnskapskapital bytta mot sosial status. Med masseutdanninga og veksten i talet på akademikarar er kunnskapskapitalen blitt degradert. Differensieringsparadigmet skal vere eit mottiltak mot denne degraderinga. Kunnskapskapitalen kan vinnast tilbake gjennom eit bytteforhold med andre leiande krefter i samfunnet. Ekselensuniversitet eller andre akademiske eliteinstitusjonar prega av såkalla objektiv kunnskap ser ut til å danne grunnlag for eit slikt bytteforhold.

Elitismen med sitt snevre kunnskapssyn er såleis del av eit *klasseprosjekt* som i kampen mot sosialdemokratisk likskapsmakeri søkjer å utnytte differensieringsparadigmet til å heve visse deler av det akademiske fellesskapet opp på nivå med den økonomiske eliten. EU sitt ønske om å oppheve likskapshysteriet innan academia har i særlig grad fått gjenklang hos forkjemparane for dette prosjektet. Det same har kravet om (større grad av) studentbetaling.

I eit demokratisk kunnskapsamfunn forventar ein derimot at professorar og forskarar, som har akademisk fridom til å forfølge kunnskapsinteresser på en metodisk etterprøvbar måte, også har evne til å grunngje i det offentlige kvifor dei prioriterer som dei gjer og kan informere om samanhengen forskinga inngår i. For å innfri disse faglige forventningane må ein nettopp utvikle intellektuell dømmekraft, og (ikkje berre) ekspertise. På den måten kan academia bidra til det offentlege rommet, som òg får høve til både å verdsette og stille krav til kunnskapen si utvikling ut frå ei rekke kriterium for kva som er god kunnskap.

NOTER

- 1) Knut Kjeldstadli i dette nummeret av *Vardøger* og Slaughter, Shiela and Larry L. Leslie. *Academic capitalism. Politics, Policies and the Entrepreneurial University*. John Hopkins University Press. Baltimore 1997. Sheila Slaughter and Gary Rhoades (2004). *Academic Capitalism and the New Economy. Markets, State, and Higher Education*. John Hopkins University Press. Baltimore 2004. Münch, Richard. *Globale Eliten, lokale Autoritäten. Bildung und wissenschaft unter dem Regime von PISA, McKinsey & Co.* edition suhrkamp. Frankfurt am Main 2009. Mahon, Rihanna and Stephen McBride. *The OECD and Transnational Governance*. UBC Press. Vancouver 2008. Santiago,

- Paulo, Karine Tremblay, Ester Basri, and Elena Arnal. *Tertiary education for the Knowledge Society. Volume 1: Special Features: Governance, Funding, Quality. Volume 2: Special features: Equity, Innovation, Labour Market. Internationalisation*. OECD. Paris 2008. Yusuf, Shahid, William Saint and Kaoru Nabeshima. *Accelerating Catch-up. Tertiary Education for Growth in Sub-Saharan Africa*. The World Bank. Washington 2008. Münch, Richard. *Globale Eliten, lokale Autoritäten. Bildung und wissenschaft unter dem Regime von PISA, McKinsey & Co.* edition suhrkamp. Frankfurt am Main 2009. Mahon, Rihanna and Stephen Mcbride. *The OECD and Transnational Governance*. UBC Press. Vancouver 2008.
- 2) Frey, Bruno S. «Evaluatis – eine neue Krankheit» i Matthies, Hildegard und Damar Simon (Hrsg.) *Wissenschaft unter Beobachtung. Effekte und defekte von Evaluationen*. Leviathan Sonderheft 24/2007.
 - 3) Espeland, Wendy Nelson and Michael Sauder. «The discipline of Rankings: Tight coupling and Organizational Change». *American Sociological Review*. 2009. Vol 74. February (p. 63 – 82).
 - 4) Til dømes Shanghai-indeksen etter opphavet på universitetet Shanghai Jiao Tong.
 - 5) *Mont Pelerin Society*, som utvikla den neoliberale politikken, hevdar at kunnskapspolitikken er avgjerande for det neoliberale prosjektet sin suksess, sjå Dieter Plehwe og Philip Mirowski. *The Raod from Mont Pelerin Society. The Making of the Neoliberal Thought Collective*. Harvard University Press. Massachusetts, 2009. Sjå og debatten om NPM i Lægreid, Per og Tom Christensen *Autonomy and Regulation. Coping with Agencies in the modern State*. Edward Elgar. Cheltenham 2006.
 - 6) Michelsen, Svein and Agnete Vabø «On the Dynamics of the emerging system of quality assurance and accreditation in Norwegian higher education». I: Tor Halvorsen and Atle Nyhagen. *The Bologna Process and the Shaping of the Future Knowledge Societies*. University of Bergen, Bergen 2005.
Halvorsen, Tor (2007) «Excellence and Quality and the New Relation between Knowledge and Politics in times of Globalization», I: Halvorsen, Tor og Atle Nyhagen. *Towards a new contract between Universities and Society. A historical sociological perspective on the Lisbon Strategy and EU policies on higher education and research*. Universitetet i Bergen. Bergen 2007.
 - 7) Peter Weingart om ukritisk omfanning av bibliometriske tal, i: «Impact of Bibliometrics upon the Science Systems: Inadvertent consequences.» *Scientometrics* 62 (s. 67-85).
 - 8) Sjå s. 17 om bruken av resultatbasert måling i lys av 9 prioriteringar. Kva slags måleindeksar som blir brukt vil sjølvsagt påverke korleis forskinga innan desse prioriterte områda blir verdsett. Det blir slått fast, stikk i strid med elementær organisasjonskunnskap at «innføringa av resultatbasert kunnskap i finansieringssystemet i universitets- og høgskolesektoren, insittuttssektoren og i helseforetakene skal i seg selv fremme kvalitet» (s. 19).
 - 9) Ibid., s 77, sjå og Knut Holtan Sørensen i dette nummeret av *Vardøger*.
 - 10) Sjå Espeland and Sauder (op.cit s. 63-82) om korleis *Evaluatis* skaper eit «organisasjonssystem» med klare posisjonar og roller som tilfredsstillar eksterne politiske krefter, men og korleis dette systemet innan kollegiet skaper angst, usikkerheit og gjensidig overvaking på kostnad av den kollegiale kreativiteten.

- 11) Om det neoliberale regimet si transformering av universitetet til ein leiarstyrt organisasjon med sterke byråkratiske trekk, sjå Krücken, Georg and Frank Meier «Turning the University into Organisational Actor», i Drori, Gili S. et al. *Globalization and organization. World Society and Organizational change*. Oxford University Press. Oxford 2006.
- 12) Når det gjeld universtetsrankingar eller «leag tables» i hovudsak laga for studentar som skal velje ein «leverandør» i marknaden, så var *US News and World Report* først ute, for meir enn 20 år sidan, sjå: Insitute for Higher Education Policy April 2007. *College and University Ranking Systems. Global Perspectives and American Challenges*. IHDP. Washington DC 2007.
- 13) St. meld 30 (2008-2009) *Klima for forskning*, s. 78.: «Institusjonene er i ferd med å revurdere tanken om at hele bredden av emner må være til stede lokalt for å sikre kvaliteten i utdanninga. Også landets store universiteter har problemer med å oppfylle ambisjoner om bredde uten at dette går ut over forsknings- og undervisningsvilkårene for de ansatte. Bredden i forskningen må med andre ord ikke være et mål for den enkelte institusjon, men for FoU systemet som en helhet». Dei irrasjonelle utslaga av ei arbeidsdeling som eventuelt blir skapt av ein stadig sterkare spesialisering som *konkurransen* driv fram mellom enkeltaktørane, skal altså motverkast av det panoptiske Forskningsrådsblikket, basert på data om målbare resultat.
- 14) OECD 2008, Vol 1 og 2 op.cit.
- 15) Det er ikkje rett å bruke offentlege pengar til å fremme uriktig kunnskap som skal generere såkalla marknadsrelevante åtfærd, sjå www.utoronto.ca (August 16. 2006). Ei lengre utgreiing av ved Göteborgs universitet kritiserer dei universaliserande rangeringssystema i Kavellin, Mats och Sverker Lindblad. *Världmästerskap i Vetenskap?. En granskning av internationella rankinglistor och deras sett at hantera kvalitet hos universitet*. Göteborgs Universitet. Göteborg 2006.
- 16) Ei granskning gjort av *OECD Programme on Institutional Management of Higher Education*, og *International Association of Universities* (av 202 høgre utdanningsinstitusjonar i 42 land) viser at universitetsleiinga legg stor vekt på «rankings». Over halvparten av leiarane sa dei var misnøgde med eigen posisjon. 70% ville gjerne vere mellom dei top 10% rangerte nasjonalt og mellom dei 25% topp rangerte internasjonalt (Hazelkorn, Ellen, *University World News*. 11 November 2007). I den same artikkelen (University World News, (op.cit.)) hevdar forfattern at «Excellence Initiatives» i Tyskland, Russland, Kina, og Frankrike er politiske tilsvar til *Evaluatis*. Dei forventar ein sterk vekst i høgre utdanningsreformer ettersom forventningane er at meir elite, meir konkurranse og betre institusjonar vil føre til at ein blir betre rangert.
- 17) I følgje NTNUs *Universitetsavisa* 21.01.09. Hovudinnlegget var ved Frans van Vugt, Univertetet i Twente som snakka om «European Classification of Higher Education». Jf. også St. meld 30 (2008-2009). *Klima for Forskning* (op.cit.).
- 18) Som OECD (2008 (op.cit.)) argumenterer (Vol 2, s. 136) er det ein sterk vekst i konkurransen om talent.
- 19) Det til nå mest potente uttrykket for denne utviklinga er Universitetet i Oslo sin bruk av konsulentfirmaet McKinsey. Konsulentfirmaet har gitt eit bidrag til korleis UiO sin strategi for å bli eit internasjonalt og leiande universitet skal formast. Her inngår m.a. å lære seg å bruke dei internasjonale rangeringsindeksane betre, m.a. ved å konsentrere forskinga om færre tema som kan gje komparative fortrinn. Jamfør «UiO – mot et ledende internasjonalt forsknings-

- universitet. Memorandum til Universitetsdirektør Gunn-Elin Bjørneboe. Universitetet i Oslo. 7 november 2008». www.uio.no.
- 20) Sjø St.meld nr. 30 2008-2009 s.78
 - 21) Jamfør OECD. *The global competition for talent. Mobility of the highly skilled*. Paris 2008, med budskapet om at dei enkelte land, gjennom sine universitet, bør utvikle strategier som gjer dei i stand til å konkurrere om desse talenta, kvar enn i verda dei måtte vere.
 - 22) OECD. 2008 (op.cit).
 - 23) Barnes, Barry. *About Science*. Basil Blackwell. Oxford, 1985 om den akademiske æresøkonomien. Denne kan aldri erstattast, i følge Barnes, av *Evaluatis* eller av dei økonomiske belønningane som knyter seg til *Evaluatis*. (op.cit. s. 47).
 - 24) OECD 2008 Vol 1.
 - 25) I følge St. meld 30 (2008-2009: 80) er leining – og ikkje det kollegiale demokrati – vilkår for utnytting av forskarpotensialet.
 - 26) Christensen og Læg Reid op.cit.
 - 27) Edwards Shils skriv, med referanse til erfaringane frå fascismen og Den 2. verdskrigen mye om kvifor det er nødvendig å styrke relasjonen mellom demokrati og akademisk autonomi. Men han uttrykker seg pessimistisk om akademikarane si evne til å halde fast på si rolle for demokratiet. *Evaluatis* har alt for lett forma det akademiske subjekt. Kortsiktige gevinstar freistar. Shils, Edward. «*The calling of education. The Academic Ethic and other Essays on Higher Education*». The University of Chicago Press. Chicago 1997.
 - 28) Sjø Paris, Rainer «Machtfreiheit als negative Utopie. Die Hochschule als Idee und Betrieb»; og Braun, Dietmar. «Regulierungsmodelle und Machtstrukturen in Universitäten». Begge i: Stölting Erhard und Owe Schimank (Hrsg.) *Die Krise der Universitäten*. Leviathan Sonderheft 20 /2001 Westdeutscher Verlag. Wiesbaden 2001.
 - 29) Tor Halvorsen «Globalisering av kunnskap og det globale kunnskaps-samfunnet». I: Mary-Anne Karlsen, Nils Otto Steen og Siri Hall Arnøy (red). *Utdanning – Venstre om*. Verden til Venstre. SV. Oslo 2008.
 - 30) European Commission. *Frontier Research: The European Challenge*. High-Level Expert Group Report (2005)
 - 31) EU framhever ikkje berre at USA er forbildet, men også den fremste konkurrenten.
 - 32) Marginson, S. & van der Wende, M. [Globalisation and Higher Education](#). Education Working Paper Number 8, OECD. Paris, 6 July 2007.
 - 33) Martin Trow , «From mass higher education to universal access: The American advantage» CSHE.1.00. (Spring 2000:6); og Arthur M. Cohen. *The Shaping of American higher education: Emergence and growth of the contemporary system*. Kindle Book. New York 2007 (sjå særleg s. 440 ff.).
 - 34) Mange deler desse synspunkta også i Noreg, eller kanskje særleg i Noreg, og framhevar USA som forbilde, jamfør det såkalla «Dannelsesutvalget» si innstilling (utgutt av UiO, UiB og HiBodø, 2009).
 - 35) Geiger, Roger and Cresco M. SA. *Tapping the riches of science. Universities and the promise of economic growth*. Harvard University Press. Harvard 2008.
 - 36) Charles W. Smith. *Market values in American higher education. The Pitfalls and Promises*. Rowman & Littlefield Publishers. Oxford 2000.

- 37) Barnes (op. cit.).
- 38) European commission *Frontier Research: The European Challenge*. High-Level Expert Group Report. Brussels, 2005.
- 39) Etablert i 2005, lokalisert til Brussel (www.bruegel.org).
- 40) Aghion, Philippe and Mathias Dewatripont, Caroline Hoxby, Andreu Mas-Colell and André Sapir. *Higher aspirations: An agenda for reforming European universities*. Bruegel Blueprint 5. Brussels 2008.
- 41) Bruegel (op.cit.).
- 42) Geiger og Sa (op.cit.). Geiger og Sa viser til den sterkt overvurderte rolla til universiteta for innovasjon og økonomisk fornying: «It has essentially been an addition» (s.210).
- 43) Münch, 2009 (op cit.).
- 44) S.19 «Europa treng eliteinstitusjonar som gjev ekselent opplæring til ekselente studentar på høgre nivå. Eit program forma for å sikre at kvart einaste universitet er ekselent på høgre nivå vil vere ein 'non starter' som hindrar ekselens frå å vekse fram» (mi oversetting).
- 45) Sjå og Knut Holtan Sørensen i dette nummeret av *Vardøger*.
- 46) Aghion, Philippe. *The Governance and Performance of Research Universities: Evidence from Europe and the US*. NBER Working Paper Series 2009..
- 47) Bruegel, (op.cit. s.45).
- 48) Initiativet, tatt av den sosialdemokratiske partileiinga, blei satt i verk i juli 2005. Sjå Scholz, Beate «Internationalisation of Doctoral Education. Research training in an era of globalisation». I: Gaebler et al. *Internationalisation of European Higher Education*. An EUA/ACA Handbook. Raabe Verlag Berlin. Berlin 2008.
- 49) Edelgard Bulmahn, som da var utdanningsminister, hevda at Tyskland mangla toppuniversitet som kunne *stråle* over heile verda («Spitzenuniversitäten, die weltweit strahlen»), forskningsrådesdirektøren krevde difor at ein måtte bli kvitt egalitetshysteriet. («Weg mit der Egalität»). Sjå Eva Barlösius «Leuchttürme der Wissenschaft». *Leviathan* 1/2008 s.155.
- 50) Münch (2007). *Die Akademische Elite*. Edition Suhrkamp.
- 51) Münch 2007:399 (op.cit)..
- 52) Hartman, Michael. «Excellenceninitiative – ein Paradigmenwechsel in der Deutschen Horschulenpolitik» *Leviathan* 34 (4) S. 447-465. Berlin 2006.
- 53) Professor Frans van Vught styremedlem i EUA og invitert av Utdanningsdepartementet til Kontaktkonferansen 2009, uttalte på *European Business Summit* 22. februar 2008 at akademia og representantar for industrien i Europa var samde om at europeisk høgre utdanning trong rask, omfattande *differensiering* for å gjere universiteta i stand til å delta i den globale konkurransen om dei beste hovuda, om driftsmiddel og omdømme, sjå *EurActiv.com* 25.02.2008.
- 54) Frey 2007 (op.cit.).
- 55) Anders Johansen uttalte 11. mai 2007, på Universitet og Høgskolerådet sin konferanse om tellekantproblematikken m.a. følgjande: «For et par uker siden fikk vi på mitt fakultet framlagt oversikten over fjorårets fangst av tellekantpoeng. Det viste seg at min innsats var dobbelt så mye verdt som året før. I 2005 hadde jeg, sammen med en kollega, utgitt et større bokverk på norsk, og samtidig lansert en database og et nettsted som supplement til boken; det ga 2,5 poeng til hver av oss. I 2006 ble det ikke tid til forskning. Men jeg holdt da noen

foredrag, for det meste om tellekanter, og jeg fikk dem på trykk, i diverse korte og lange versjoner, i kanaler som er oppført i autoritetsregisteret; det resulterte i 5 poeng. Alt i alt brukte jeg kanskje tre-fire uker på å skrive disse foredragene; det ga dobbelt så stor uttelling som intens forskningsinnsats gjennom flere år. Hvis jeg skulle latt meg motivere av incentivene i dette systemet, ville jeg først av alt foretatt en kraftig nedjustering av mine faglige ambisjoner – for her er det åpenbart ikke produktivitet som blir påskjønet, og heller ikke kvalitet: Fra nå av ville jeg ikke skrevet bøker mer, men bare artikler, og aller helst samme artikkel igjen og igjen – for å få flest mulig publikasjonspoeng ut av hver minste bit forskning» (s. 1 og 2 frå foredrag gjort tilgjengelig av forfatteren).

- 56) European Commission (op.cit.).
- 57) Powel, Michael. *The audit society. Rituals of verification*. Oxford University press. Oxford 1997; og Neave, Guy. *On the cultivation of quality, efficiency and enterprise: an overview of recent trends in higher education in Western Europe*; 1986 -1988. European Journal of Education. Vol 27. pp 5-27 1988.
Bleiklie, Ivar, *Justifying the Evaluative State: New Public Management ideals in higher education*. European Journal of Education. Vol. 33, pp 299 -315.
- 58) Frey (op.cit.).
- 59) Tucci, Christopher. «Why Europe will never have accountability in research.» *Foresight Europe*, March 2006: s 27 – 29. 2006.
- 60) Brook, Richard. «The role of evaluation in as a Tool for Innovation in Research». I *Max Planck Forum 5*. München 2002.
- 61) Enders, Jürgen.«Professor werden ist sehr schwer, Professor sein dann gar nicht mer? Ein Beitrag suhr Peronalstrukurreform an den Hochschulen». I Hildegard Matthies und Dagmar Simon (Hrsg.). *Wissensachft unter Beobachtung. Effekte, defekte von Evaluationen*. Leviathan sonderheft 24/2007.
- 62) Jf. tenketanken Bruegel, (op.cit.).